



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
15.09.2016
Dykkar dato
08.09.2016

Vår referanse
2016/1547 733.1
Dykkar referanse
16/324

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Oppfølging etter tilsyn med Meland kommune 5., 6. og 8 april 2016

Takk for tilsende opplysningar som kva Meland kommune har gjort for å rette avvik som blei påpeikte ved tilsynet med tenester til personar med utviklingshemming. Det er gjort eit omfattande arbeid med å revidere og oppdatere ei rekkje skriftlege prosedyrar.

De viser til at fleire av tiltaka blir følgde opp gjennom årshjulet og at det samla forbetningsarbeidet vil føregå systematisk over tid. Det har vi forståing for, men vi legg og til grunn at kommunen etter å ha gjort eit så omfattande arbeid, vil evaluere korleis oppdaterte/endra rutinar fungerer og om dei inneber endring/forbetring i praksis og styring av tenestene.

For vurdering av om tilsynet kan avsluttast, ber vi om å få tilsendt resultatet frå førstkomande gjennomgang som leiinga gjer. Vi ønskjer informasjon om rutinane er kjende og følgde.

Dersom det ikkje blir gjort slik gjennomgang innan utgangen av året, ber vi om å få beskjed om dette.

Med helsing

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Torill Vebenstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.